



Sakshandsamar: Lillian Dittmann

Referansar:

Saksdokument:

Dok.dat	Tittel	Dok.ID
12.05.2010	Tekstboken.doc	50374
12.05.2010	hovedregister.doc	50375
12.05.2010	Register2.doc	50376

## Gudstenestereforma - tekstbok (2. handsaming)

### **Samandrag**

Kyrkjemøtet handsama i 2006 hovudprinsippa for nye tekstrekker (KM 09/06) og slutta seg til den tilrådinga av hovudprinsipp for utarbeiding av ny tekstbok som er gjeven i innstillinga i Kyrkjerådet. Det innebar eit nytt tekstrekkesystem med tre rekker, etter det som vart kalla ein nordisk modell.

Framlegg til ei fullstendig tekstbok med forteljingar til kvar kyrkjeårsdag og register over poetiske tekstar vert nå lagt fram for Kyrkjerådet. Saman med denne legg ein fram til 2. gangs handsaming hovudprinsippa for dei nye tekstrekkene for Den norske kyrkja, forslag til tittel på den nye tekstboka og forslag til endringar i strukturen i kyrkjeåret.

### **Framlegg til vedtak**

1. Kyrkjerådet vedtek framlegget til ny Tekstbok for Den norske kyrkja
2. Kyrkjerådet vedtek at tittelen på ny tekstbok skal vera: Tekstbok for Den norske kyrkja.
3. Kyrkjerådet vedtek at nemningane på kyrkjeårstidene skal vera
  - adventstida
  - jul

- openberringstida
- fastetida
- påsketida
- pinse
- treeiningstida

4. Kyrkjerådet vedtek

- at Kristi forklæringsdag blir verande i openberringstida
- at Vingardssøndag vert flytta til 12. søndag i treeiningstida
- at Bots - og bededag skal ha fast plassering på 20. søndag i treeiningstida og heita 20. søndag i treeiningstida / Bots-og bededag.
- 

5. Kyrkjerådet oversender saka med vedlegg til Bispemøtet for læreuttale.

# Saksorientering

## 1. Prosessen fram mot ny tekstbok i 2010

Framlegg til ny tekstbok er ein del av reforma av kyrkja sitt gudstenesteliv, og arbeidet vart sett i gong på same tid som arbeidet med ny salmebok, endra dåpsliturgi og ny ordning for hovudgudstenesta i januar 2004.

### Handsaming i KR og KM

Kyrkjemøtet fekk saka til handsaming i 2006 (KM 09/06) og gjekk inn for dei hovudprinsippa som Kyrkjerådet hadde rådd til, det vil seie eit tekstrekkessystem med tre rekker, laga etter det som vart kalla "ein nordisk modell". Kyrkjerådet sende forslaget til høyring og utprøving i juni 2008. Forslag til tekstboka er revidert på bakgrunn av høyringa og andre faglege innspel. Saksdokumentet gjer greie for hovudprinsippa og dei kriteria som er lagt til grunn for revisjonen.

### Høyningsmaterialet for Tekstboka

Det vart levert inn 74 høyringssvar. Av desse er det mange som svarer "*ikkje teke stilling*" til ei rekke spørsmål, det gjeld særleg prøvekyrkjelydane og dei som er gruppert som "andre". Det manglar høyringssvar frå tre bispedømme og biskopane deira: Tunsberg, Agder og Telemark og Nord-Hålogaland. Det er berre nokre få som gjev grundige høyringssvar, men samla kom det inn 550 framlegg til endringar av tekstar. Få har prøvd ut større delar av materialet.

I svara finn ein brei semje om dei prinsippa som Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet hadde lagt til grunn:

- ei tekstbok med tre rekker, ut frå den nordiske modellen, men med norsk karakter.
- ei forteljing for kvar kyrkjeårsdag, samstundes som dette reiser fleire store spørsmål, blant anna i forståinga av kva ein forteljingstekst er
- auka bruk av ein poetisk tekst til Dagens salme / bibelsk salme.

Det er berre nokre som svarer på problemstillingar som krev detaljkunnskap og oversikt over heile tekstboka. Dei svara som er komne, er i stor grad tekne omsyn til. Dette handlar om følgjande emne:

- Korleis tekstane er avgrensa, lengda på tekstane
- Dublettar, om tekstane kjem att fleire gonger
- Bortfall av poetiske tekstar som lesetekstar
- Sentrale tekstar som har falle ut eller ikkje er med i dei nåverande bøkene
- Korleis tekstane er fordelt
- Korleis tekstane i treeiningstida er gruppert
- Søndagar som er blitt flytta eller blitt borte
- Korleis viktige livstema er presentert

I høyringa er det peika på at det kan vera ei overvekt av tekstar frå dei seine skriftene i NT som har vekt på livet i dei første kyrkjelydane, i høve til dei meir theologiske og prinsipielle tekstane frå Paulus sine hovudbrev. Dette er vurdert og endra i nokon grad. Desse og andre spørsmål vert drøfta i det som følgjer.

## 2. Bakgrunn

Til kristen gudsteneste høyrer bibeltekstar. Samanstillinga av dei til eit kyrkjeår har vokse fram gjennom mange hundre år, med søndagen som utgangspunkt, deretter vart helgedagar og festar lagt til. Kyrkjeåret som omgrep voks fram ein gong etter mellomalderen.

Ei eiga tekstbok fekk vi først ved sist revisjon i 1977. Denne revisjonen gjekk langt i å endra tekstrekkene frå 1920 – liturgien. Vi fekk då

- Reduksjon frå 3 til 2 rekker, og nyordninga ”tilleggstekstar”
- Innføring av gammaltestamentleg lesing på alle kyrkjeårsdagar
- Innføring av 12 nye kyrkjeårsdagar: Julaftan, Julenatt/ ottesong, Nyttårsaftan, Kristi forkláringsdag, Askeonsdag, 5. søndag i faste, Langfredag aften, påskennatt / ottesong, pinseaftan, siste søndag i kyrkjeåret (Domssøndag), 1. mai og St. Hans
- Mange namneendringar på søndagane
- Maria bodskapsdag vart lagt til den søndagen som er nærast 25.mars eller seinast siste søndag før Palmesøndag når påska er tidleg.

Deretter fekk vi mindre revisjonar i 1988 og 1999:

- I 1988 vart det utgjeve ei ny tekstbok med endringar av vel 100 tekstar.
- I 1999 vart Mikkelsmesse sett inn att som valfri kyrkjeårsdag 29. september.

Vedtaket om å utarbeida ei ny tekstbok vart i 2003 – 2004 knytt til forslaget om ein reform av gudstenestelivet og ny salmebok, og arbeidet med alt dette starta opp samstundes.

### Gudstenestedagar og tradisjonar som ikkje lever vidare

Ved sist revisjon fekk ein nye tekstar for 12 nye kyrkjeårsdagar, og det er nå verd å sjå om alle desse vart verkelege gudstenestedagar, eller om dei berre står der utan at dei er tekne i bruk.

Få kyrkjelydar feirar gudsteneste julenatt / ottesong og påskennatt / ottesong. Framlegget har likevel sett opp tekstar for desse dagane. Stoda er derimot annleis for Langfredag aften og pinseaftan. Her har ein ikkje komme med framlegg til tekstar, og dette er heller ikkje etterlyst i høyringa.

Ein tradisjon som *fastetid* er med framleis, og sjølv om fastetradisjonen inneber reglar som omhandla atterhald av mat m.m. som ikkje lever lenger i landet vårt, er det mykje ved fastetida som pregar kyrkja sitt liv. Ein har derimot ikkje halde fast på omgrepet *midtfaste* som var 4. søndag i fastetida og ein fastefri dag. Ved sist revisjon la dette

grunnen til tekstar om brødunderet / Jesus som livsens brød / manna i øydemarka. I Framlegget har ein med dette motivet berre i ei av rekkene.

Bots - og bededag er ein annan dag som har skifta karakter gjennom mange år. Ei ny vurdering av korleis ein skal ta vare på viktige sider ved denne dagen er drøfta seinare i dokumentet og i eit eige ekskurs.

### **3. Prinsipp som ligg til grunn for Framlegg til ny Tekstbok**

#### **Tekstbok for Den norske kyrkja - ein nordisk modell**

Kyrkjemøtet gjekk inn for ein nordisk modell. Ein nordisk modell tyder at ein har utarbeidd eit framlegg med utgangspunkt i teksttrekkene frå Finland (frå 2000) og Sverige (frå 2002), utan at ein har utelete det som har vore særnorske tradisjonar. I den ”nordiske” modellen er det lagt vekt på ein tematisk samanheng mellom tekstane på den einskilde søndag, og ei vidareføring av at faste-påske-treeiningstida endrar seg ettersom påska fell på ulike datoar kvart år. Dette gjer at det blir færre eller fleire søndagar i openberringstida og siste delen av kyrkjeåret, sjå meir om dette.

I mange kyrkjer har ein eit system med samanhengande lesing av skrifter i Bibelen. Dei nordiske rekkene har ikkje det. I Framlegget legg ein opp til at ein kan ha ei slik ordning som eit alternativ i påsketida: Alternativ samanhengande lesing av sentrale tekstar frå Apostelgjerningane. Denne lesinga kjem i staden for gammaltestamentleg lesing.

#### **Kyrkjeårstider**

Kyrkjearådet meiner at Framlegget til ny tekstbok bør ha tittelen: Tekstbok for Den norske kyrkja / Tekstbok for Den norske kirke. Dette er ei endring frå tittelen i den nåverande boka: Tekstane i kyrkjeåret / Kirkeårets tekster. I dette ligg det ei presisering av at det er bibeltekstane som er det styrande, ikkje kyrkjeåret som er eit relativt nytt omgrep. Likevel har ein hatt eit ynskje om å gjera den ramma som kyrkjeåret er, tydelegare. Ein har lagt merke til dei mange særsmna som har fått prega mange av dagane, og mange organisasjonar har vore aktive her: Kirkens Nødhjelp med fasteaksjon 4. s. i faste, misjonsorganisasjonar ville gjera adventstida til misjonstid, men flytta fokus til openberringstida. Israelsmisjonen har peika ut Vingardssøndagen som sin dag, Såmannssøndagen er for mange bibeldagen, og det finst fleire døme. Fleire har teke til orde for at fokuset på dei einskilde dagane har teke over for samanhengen mellom søndagane, rytmen, framdrifta fram mot til dømes høgtidene. Dette vart peika på i Kyrkjemøtet 2006 der det vart sagt: ”Det tradisjonelle kirkeåret står i fare for å bli smuldret opp av de mange, gode saker.” (KM 09/06)

Derfor har ein i Framlegget prøvd å finna fram til formuleringar som inneber ei styrking av kyrkjeårstidene. Ein vil med dette gje kyrkjelyden opplevinga av at kvar kyrkjeårstid er som ei ”årstid”, og då må kyrkjeårstida ha ei viss lengde. Namna på ”årstida” bør vera grunna i innhaldet, ikkje i høgtida som ligg bak. Derfor har Framlegg gått bort frå ”etter” Kristi openberringsdag, ”etter” påske, ”etter” pinse, som kan gje inntrykk av at ein på desse søndagane etter openberring eller påske er *ferdige med* openberringstida eller

påska, at openberring eller påske er noko vi har *lagt bak* oss. Formuleringane er derfor endra frå til dømes for 4. s. i faste” til 4. s. i fastetida. I høyringa er det sterkt støtte til desse nye nemningane, 79 % meiner at dette er ei god endring.

### *Pinsetid eller treeiningstid?*

Ein har drøfta kva som er den beste nemninga for søndagane i det festlause halvåret, bør det til dømes heite 18. søndag i treeiningstida, eller 18. søndag i pinsetida?

I høyringa blir det sagt at endringa frå ”etter pinse” til *treeiningstida* er alt godt innarbeidd, ettersom omgrepene er nytta i den nåverande Gudstenesteboka, sjå blant anna del I side 17-18, men er ikkje bruka i Tekstane i kyrkjeåret.

Som openberringstida og påsketida har namnet etter den innleiande dagen, har treeiningstida fått namnet etter Treeiningssøndag. Hovudgrunnen til at ein vende attende til dette, er at omgrepene svarer meir til det andre halvåret i kyrkjeåret. Kyrkjelyden har i den første halvdelen vore gjennom festhalvåret med dei sentrale forteljingane i den kristne tru. Nå skal denne bodskapen veksa og modnast i kyrkja sitt liv gjennom det andre halvåret. Å knyta dette einsidig til pinse gjev ikkje ei brei nok forståing av dette halvåret. Ei anna sak er at ein gjennom å halda på *treeiningstida* understrekar eit sentralt element i det kristne gudsbytet.

Alle kyrkjeårstidene bør ha formell likskap i nemningane, derfor vart også advent og faste utvida med ”-tida”, til adventstida og fastetida. Men i høyringa vil nokre halda fast på nåverande form og seier at i kvardagsspråket vil ein likevel seie ”i faste” og ”i advent”, derfor bør ein halda fast ved desse formuleringane.

Kyrkjerådet meiner at ein kan halda på det gamle namnet *treeiningstida* og likskapen i nemningane, sjølv om dei ikkje vert nytta i daglegspråket. Formuleringane er derfor endra frå til dømes for ”4. s. i faste” / 4. s. e. pinse” til 4. s. i fastetida/ 4. s. i *treeiningstida*. Tilsvarande med adventstida, openberringstida og påsketida.

### **Eit samanhengande tema**

I kyrkjeårstidene er det *tekstane* for den einskilde kyrkjeårsdag som ein skal ha fokus på. Tekstane er vald ut med tanke på at det skal vera eit samanhengande tema i alle tekstar kvar kyrkjeårsdag, som oftast same tema for alle tre rekkene (sjå meir om dette under *Presentasjon av kyrkjeårstidene og kyrkjeårsdagane*). Derfor kjem kyrkjeårsdagane utan ei særskilt tematisk overskrift, som ein meiner fort kan bli styrande for forkynninga som den einskilde prest er ansvarleg for. Kvar prest som skal leie gudsteneste og førebu preike, bør fokusera på tekstane og la desse vera avgjerdande for preika og om mogleg for gudstenesta.

### **Stort tilfang av tekstar**

Framlegget legg opp til ei tekstbok med tre rekker og går vidare med tekstar frå Det gamle testamentet. Tekstboka inneheld tekstar frå bøker i Bibelen som ein tradisjonelt les sjeldnare frå, og det som gjer dette mogleg, er at talet på tekstar går opp frå ca 480 nåverande tekstbok til 720 i Framlegget. Framlegget har tekstar frå bøker som ikkje var med dei nåverande tekstrekkene som til dømes tekstar frå Ruts bok, Nehemjas bok og Høgsongen.

## **Økumenisk profil**

Reform for gudstenesteliv hadde ynskje om at gudstenesta skulle ha ein økumenisk profil. Det vil seia at ein skulle leita seg fram til ord, uttrykk og ordningar som skulle vera fremjande for kristen einskap, og gjera val av tekstar og dagar som i større grad fell saman med tekstar og dagar i andre kyrkjessamfunn, både i Noreg og internasjonalt.

I arbeidet med Tekstboka hadde NFG derfor samråding med Noregs Kristne Råd.

Resultatet av denne samrådinga er innarbeidd i Framlegget.

## **Det gamle testamentet i Tekstboka**

I teksttrekkene frå 1920-liturgien var det med 25 GT- lege tekstar. I tekstboka frå 1977 var det med ein GT- tekst til alle kyrkjeårsdagane, i 2 rekker, pluss mange GT- lege tilleggstekstar. Ei slik radikal endring var oppe til debatt i 1977. Mange hevda at endringa ville vitalisera bruken av Det gamle testamentet, andre var uroa for at det kunne føra til ei svekking av fokuset på evangeliet og Det nye testamentet. Dette emnet er ikkje nemnt av nokon i høyringsmaterialet denne gongen.

I Framlegget har ein arbeidd etter to linjer: 1) Tekstane frå Det gamle testamentet skal danna eit representativt utval av det som er viktige GT - tekstar og 2) Det gamle testamentet skal brukast til å tydeleggjera og utfylla dei nytestamentlege tekstane.

Etter sist revisjon har den gammaltestamentlege forskinga utvida synet på korleis ein kan bruka GT- tekstane i høve til evangelietekstane. I tillegg til den bibelteologiske samanhengen har det sidan syttitalet vokse fram ei litterær og retorisk tilnærming til bibeltekstane som har utvida og utfylt opplevinga av tekstane. I praksis tyder det at ein kan tenkja seg fleire former for samanheng mellom tekstane, utan at desse treng å komma i konflikt med kvarandre. I tillegg til den tematiske / bibelteologiske samanhengen vil ein nå også sjå etter samanheng i motiv, stil, språk, ordval m.m.

Dei gammaltestamentlege tekstane er ofte nødvendige for at ein skal få ei god forståing av evangeliet. Det kan vera slik at evangelieteksten

- siterer frå Det gamle testamentet
- inneheld ein tydeleg allusjon til Det gamle testamentet
- inneheld ei forteljing frå evangeliet som viser direkte attende til ei forteljing i Det gamle testamentet.

Dette er den tradisjonelle og velkjende måten å bruka GT- teksten på. I tillegg får ein også nå inn det litterære perspektivet som kan gjera forståinga endå rikare. Oppsettet av evangelietekstar side om side med tekstar som inneheld metaforiske parallellar, syner at bibeltekstane er eit reservoar for eit bletspråk / eit metaforisk språk om Gud, noko som kan hjelpe det moderne mennesket til å formulera trua si i nye ord eller ordsamansetningar. Ein har sett kor grunnleggjande viktig metaforen er i det religiøse språket. Her kan Tekstboka ha ei sentral rolle, om lesetekstane blir sett saman slik at tekstalar til tekster gjennom ei felles språkleg biletverd.

I Framlegget kjem dette fram på ulike kyrkjeårsdagar, sjå 2. påskedag 3. rekke: Evangelieteksten Joh 20, 11-18 står som alltid i sentrum, den gammaltestamentlege teksten frå Jeremia 31, 9-13 står i tematisk og litterær samanheng med evangeliet på ein måte som fremjar lesinga av evangeliet. Eit liknande døme finn ein i 19. s. i treeining 3. rekke og andre stader.

GT- tekstane kan også brukast *utan direkte tolking*, det vil seie i preikeform eller ved å tilføra ein evangelietekst som ville kunne fungera tolkande. I Framlegget gjeld dette i særleg grad forteljingane frå GT. Eit døme kan vera at ein forteljar kan fortelje heile forteljinga om Jona utan at det trengst ei utlegging i preikedelen, men dei sentrale motiva kan gå att i bøner og salmar / songar. Eit anna døme kunne vera Josef-forteljinga.

### **Inkluderande språk / tekstutval**

Overskrifta *inkluderande språk / tekstutval* inneber at ein i Framlegget har hatt ei kritisk haldning til korleis ulike minoritetsgrupper vert omtalt, korleis Gud vert omtalt, og korleis relasjonen mellom Gud og menneske trer fram. Dette har prega utvalet og samansetjinga av tekstane.

Spørsmålet er om Bibelen kan vera kjønnsinkluderande, ettersom Bibelen vart til i ei tid med eit patriarkalsk samfunnssyn. Å leita fram kvinnetekstar er i seg sjølv ingen garanti for kjønnsinkludering, også med tanke på at mange av desse tekstane set kvinner i eit därleg lys, som svake, syndige eller avhengige av menn. Berre eit fåtal tekstar presenterer kvinner som sjølvstendige og komplekse personlegdomar, med eigne perspektiv eller prosjekt, og gjev nok materiale til at dei kan fungera som reelle identifikasjonsobjekt.

Ein kan bruka eit anna omgrep, nemleg omgrepet ”mangfold”. Ved å velja tekstar som gjev eit vidt spekter av røynsler, viser ein breidda og mangfaldet i det menneskelege livet. I eit av høyringsspørsmåla er det teke utgangspunkt i desse synspunktta. Ein ville ha ei vurdering av korleis ein hadde lukkast med dette, og spurde høyringa ut frå følgjande problemstilling:

*Intensjonen med utvalet av tekstar er å setje saman tekstar som femner om eit breitt spekter av erfaringar. Her rettar ein sokjelyset på korleis menneske under ulike tilhøve blir omtalte og skildra, korleis Gud blir omtalt, og korleis relasjonen mellom Gud og menneske viser seg, sjå s. 41 bm./nyn. i HD. Her tenkjer ein særleg på menneske som på ulike måtar fell utanfor fellesskapet.*

*I kva grad meiner de forslaget tek omsyn til det?*

I svara kjem det fram at 29 % meiner at Framlegget har teke omsyn til dette *stor grad*, 41,9 % meiner at det er teke omsyn til *i nokon grad*. 29 % har ikkje teke stilling til spørsmålet.

Gjennomgangen av høyringsvara viser at det er det kjønnsinkluderande perspektivet som dei fleste har formulert skriftlege innspel til. Fleire av dei teologiske lærestadane uttaler seg positivt om dei forslaga som finst i Framlegget, og dei kjem med nye forslag.

Dei har kritiske synspunkt på samanstillinga av tekstane, og gjev døme på at den litterære, formmessige metoden kan ha uheldige verknader. Det er teke omsyn til dei innspela som er komne, og etter faglege vurderingar gjort nødvendige endringar.

## 4. Kvalitetssikring

Framlegget til ny Tekstbok er ei *ny* tekstbok, ei ny samanstilling av tekstar, og ikkje ei revidering eller justering av Tekstane i kyrkjeåret. Ein har derfor etter høyringa brukt tid på å kvalitetssikra arbeidet, slik at ein får auga på dei feila som måtte vera i Framlegget - 2008 og vurdert dei innspela som kom inn i høyringa og frå Høyningsutvalet for Liturgi. Ein har arbeidd med følgjande:

### **Parentesar**

I tekstboka frå 1977 var nokre vers sette i klammer. Dette er ikkje gjort i Framlegget.

### **Justert start**

I nokre tilfelle har ein justert eller stokka om subjekt og predikativ for dei første orda i eit vers, slik at ein får ein inngang til lesinga som fungerer. Justeringane skal ikkje vera tolking av tekstane, men av rein praktisk art. Eit døme er Luk 14, 15-24 på 3. søndag i treeining 1. rekke:

Teksten slik han står i Bibelen:

*Ein av gjestene som høyrd dette, sa til han: "Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike!"*

Justert tekst:

*"Ein gong var Jesus beden til å eta hjå ein farisear. Ein av gjestene sa til Jesus: "Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike".*

Det er ikkje laga introduksjonar til lesingane. Dersom dette trengst, kan ein setja det inn i rettleiingane for hovudgudstenesta, saman med andre rettleiingar. Eit døme på introduksjon kan vera:

*Den første lesing er frå Det gamle testamentet. Då jødefolket var bortført til Babylon, kom profeten Jesaja med ord frå Herren.*

Slik står det skrive hjå profeten Jesaja: ( Jes 40, 1-2)

### **Avgrensing av tekstane**

Det er lagt vekt på at det skal lesast heile perikopar, som skal tolkast i sin samanheng. Men prinsippet kan føre til at ein tek med for store tekstavsnitt, slik at tekstane vert for lange, og dette vart påpeika i høyringa. Ein har derfor vurdert desse avgrensingane på nytt.

Ein har også lagt vekt på at det er evangelieteksten som er den berande teksten for dagen, og at tekstane frå GT og NT ikkje bør ha mange motiv som gjer at fokuset vert uklårt.

Også av denne grunn er tekstar frå GT og NT korta ned. Eit døme er 15. søndag i treeining II:

*Mika 6, 1-8 vart endra til Mika 6, 6-8.*  
Eit anna døme er 17 søndag i treeining II:  
*Hosea 2, 13-20 vart endra til Hosea 2, 13-15.*

## **Samansette tekstar**

Nokre stader har ein sett saman tekstar for å tydeleggjera framdrifta i teksten og hindra at ein mister samanhengen i teksten på grunn av uegna detaljar som kjem inn. Dette førekjem i nokre tekstar, men er brukt med etterhald.

Eit døme står under Temadagar, Minnedag III. rekke:

*Salme 139, 1-18. 23-24.*

## **Tekstar som dublett**

I Framlegget – 2008 vart det ein del dublettar. I kvalitetssikringsarbeidet har ein gjort det slik at dublettane ofte førekjem på temadagane. Konsekvensen av det er at dei kyrkjelydane som ikkje feirar ein einskild temadag, likevel møter denne teksten på ein annan kyrkjedag. Etter kvart som kyrkjelydane prøver dette ut, vil ein sjå om dette er ei godt løysing.

Sentrale tekstar kan stå som dublett. Ein har vurdert om det er dei rette tekstane som vi får fleire gonger, og om nokre er utegløynde. Eit døme: Joh 3,16 er sett opp på 4. søndag i faste II som Joh 3, 11-16, og på søndag før pinse II som Joh 3, 16-21.

## **Lange tekstar**

Bibeltekstane kan vera lange, og vanskelege å dela opp. Eit døme kan vera Apgj 17, 22-25 / 26-31 som er ein viktig tekst, men krevjande å lese i sin heilskap i dei fleste gudstenester. Det vil vera opp til ei pastoral vurdering å dela opp teksten slik at han hører til den gudstenesta ein skal feira. Liturgen som har ansvaret for forkynninga, kan avgrensa teksten på nytt, og lesa berre ein del av teksten, slik ein også gjer det i dag. Avgrensinga bør då gjerast som eit heilt avsnitt. På den måten kan ein visa respekt for teksten, gje han det rommet ein har til disposisjon, ut frå kva som er fokus i evangeliteksten og i preika. Ein har vald denne framgangsmåten for å sleppa å få for korte tekstar som ein normalordning.

## **Bortfall av tekstar**

I arbeidet med ei ny tekstbok ser ein at nokre sentrale tekstar frå Tekstane for Kyrkjeåret har falle ut, og ein har derfor gått gjennom materialet for å ta dette inn att. Ettersom ein har teke med ein poetisk tekst til kvar kyrkjeårsdag var det i Framlegget - 2008 svært få poetiske tekstar inne som GT- lege lesetekstar. Dette har ein nå retta opp, slik at ein del tekstar frå dei historiske bøkene / dei profetiske skriftene er tekne bort, og tekstar frå Salmane er sett inn i staden (sjå meir om poetiske tekstar under).

## **Poetisk tekst**

Til kvar kyrkjeårsdag er det sett opp ein poetisk tekst. Dette står i samanheng med Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2006, i tråd med NFG si tilråding: ”*En ny tekstbok skal også*

*omfattet en rekke med "Dagens salme", det vil si utsnitt frå Salmenes bok og andre poetiske tekster frå Bibelen, som skal kunne synges, i hovedsak av hele menigheten".*  
(KM 09/06)

Den poetiske teksten er ikkje tenkt som ein fjerde lesetekst, eller bli brukt som alternativ GT- tekst. Høyringa var tydeleg i støtta til oppsettet av ein poetisk tekst. Ingen kyrkjelydar hadde derimot prøvd å syngja ein ny poetisk tekst for kvar søndag, slik at ein veit lite om korleis dette kan fungera i praksis.

Meir om dette, sjå under: Ekskurs.

### **Forteljingstekst**

Til kvar kyrkjeårsdag er det sett opp ein forteljingstekst. Ideen har ein henta frå tekstarbeidet i den svenske kyrkja. I Framlegget - 2008 var det sett opp ein til to forteljingar, og nokre av dei vart i høyringa vurdert som uegna, fordi teksten ikkje hadde forteljingssjanger, men høyrde meir til det ein kunne kalla kjernetekstar som barn bør læra, som til dømes dåpsboden, Matt 28.

I Høyringa var dei aller fleste svært positive til oppsettet av forteljingstekstar. Fleire høyringsinstansar, som til dømes IKO, hadde viktige innspel som er tekne med vidare i arbeidet.

I Framlegget til ny tekstbok er det nå sett opp ei forteljing til kvar kyrkjeårsdag.

Til dette temaet, sjå under: Ekskurs.

## **5. Presentasjon av kyrkjeårstidene og tekstane**

Framlegget legg opp til namnendring når kyrkjeårstidene skal reknast opp: Adventstida, openberringstida, fastetida, påsketida og treeiningstida. Framlegget brukar ikkje *tida* om dagane frå Julaftan til Nyttårsdag og om dagane frå Søndag før pinse til Andre pinsedag. Talrekka i openberringstida og påsketida er blitt endra, fordi Kristi openberringsdag og Påskedag vert rekna som første søndag i desse kyrkjeårstidene.

### **Adventstida, jul og nyttår**

For adventstida har Framlegget - 2008 to søndagar med heilt nye tekstar:

- 2. søndag i advent er endra for å konsentrera tekstane om døyparen Johannes i adventstida til 3.søndag.
- 4.søndag i advent er endra i retning av ein juleførebuingsdag.

Disse endringane har brei støtte i høyringa.

### **2. juledag**

I Tekstane for Kyrkjeåret heiter denne dagen andre juledag (Stefanusdagen) og dagen har fokus på martyrene. Ein såg at det hadde utvikla seg ein praksis der dette temaet hadde vorte svekka, blant anna av kyrkjelydar som ikkje har gudsteneste på 1. juledag. I Framlegget – 2008 tok ein konsekvensen av dette og sette opp ei rekke med Stefanus - tekstar og to rekker med juletekstar.

Etter høyringa er dette endra. Ein ynskjer å halda fast på 2. juledag som martyriets dag, og tekstane for dagen har preg av dette, i alle tre rekkene. I tillegg står det i rubrikken at ein kan velja tekstar frå Juledag, dersom ein ikkje har hatt gudsteneste på denne dagen.

#### *Romjulsøndag*

Denne søndagen heiter i Tekstane for Kyrkjeåret ”Søndag mellom jul og nyttår”.

Framlegget sette eit folkeleg namn på denne dagen, og høyringa støtta dette forslaget.

#### **Openberringstida**

Openberringstida vert kort eller lang, alt etter plasseringa av påska. Vert openberringstida kort, får det som resultat at treeiningstida vert lang, og omvendt. Ein kunne då risikera at mange tekstar falt bort, ettersom heile kyrkjeårsdagar falt bort, enten i openberringstida eller i treeiningstida.

Dette har ein løyst ved at ein har sett opp dei same tekstane i desse periodane, at tekstane for dei fire siste openberringssøndagane er dei same som for 24. – 27. søndag i treeiningstida. Er det då kort openberringstid, kjem dei tekstane som ikkje blir lesne på ettervinteren, att på hausten. Ved dette grepet slepp ein bortfall av mange tekstar.

#### *Kristi forklæringsdag*

I Framlegget var Kristi forklæringsdag lagt til 8. søndag etter pinse. Hovudgrunnen var at openberringstida i einskilde år er så kort at det ikkje ville vera ein einaste vanleg openberringssøndag igjen, og at ein ville gå rett frå Kristi openberringsdag til vingardssøndagen.

Etter høyringa vil Kyrkjerådet gå attende til den ordninga vi har i dag, ved at Kristi forklæringsdag kjem søndag før Fastelavn, og at ein i staden flyttar vingardssøndagen til treeiningstida.

Då oppnår ein det same med omsyn til behovet for minst ein vanleg søndag i openberringstida. I tillegg tek ein vare på den tekstlege samanhengen som finst mellom Kristi forklæringsdag og openberringstida. Høyringa seier at dagen har vore eit høgdepunkt i openberringstida før fastetida tek til. Det vil derfor vera eit tap å flytta denne dagen til sommarhalvåret, sjølv om svensk og finsk tekstbok har ei slik ordning.

Vingardssøndagen kan derimot flyttast til 12. søndag etter treeining og komma inn mellom 12. – 16. søndag som omhandlar tenesta og livet i Guds rike. Vingardssøndagen vil ofte feirast rundt 1. september og kan på denne måten vera ein verdifull søndag i starten på kyrkjelyden sitt nye arbeidssemester. Sjå under.

#### **Fastetida**

##### *Maria Bodskapsdag*

Denne dagen har hatt ulike plasseringar, men ved sist reform vart den sett til den søndagen som kom nærmest 25. mars, ni månader før Kristi fødsel. Dette er også datoен for Marimesse. I Framlegget – 2008 vart den lagt til siste søndag før palmesøndag som ein fast ordning. Argumentet for dette var at ein såg at for omrent kvart tredje år kom påska så tidleg at Maria bodskapsdag likevel ikkje kunne leggjast på den søndagen som er nærmest 25. mars.

Eit anna argument var at Maria Bodskapsdag skyv bort ein av fastesøndagane. Eit døme: I dei første 30 åra etter 2010 vil tekstane på 5. søndag i faste falla bort 16 gonger. Etter høyringa har Kyrkjerådet vald å halde fast på den ordninga vi har i dag som blant anna har tilknyting til den gamle tradisjonen med Marimesse. Konsekvensen av det er at 5. søndag i faste vil falla bort mange gonger.

## Påsketida og pinse

### Søndag før pinse

Søndag før pinse er 6. søndag i påsketida. I Framlegget er denne dagen teken inn i pinsetida, ettersom temaet for tekstane på denne dagen handlar om å venta på Gud i bøn, og sjå fram til at Den heilage ande skal komma. Etter Kristi himmelfart ser ein ikkje attende til påska, men ser fram mot og førebur pinsetida. Å kalla denne dagen for *søndag før pinse* knyter saman tekstane for Kristi himmelfart og pinsehøgtida på ein god måte. Den same måten å tenkja på, finn ein att i 4. søndag i adventstida, som i Framlegget er ein førebuingssøndag til jul.

## Treeiningstida

Dei største endringane i kyrkjeårsdagane er tekstforslaget til treeiningstida. Både samansetningar av tekstar og plasseringa i Kyrkjeåret er endra for dei aller fleste dagane. Denne radikale omstokkinga fekk god støtte i høyringa. I arbeidet med kvalitetssikringa etter høyringa har ein dette som eit utgangspunkt. Samstundes vert det foreslått ei rekke endringar ut frå dei prinsippa som saksdokumentet her gjer greie for.

### Gruppering av tekstar i treeiningstida

I motsetnad til dei andre kyrkjeårstidene kan ein ikkje seia at det har vore eit samlande preg på tida etter pinse, eller treeiningstida. Dette kjem blant anna fram i ulike namn på denne tida: ”det festlause halvåret”, ”søndag etter trefoldighetsfest” eller som i revisjonen frå - 77 ”søndag etter pinse”.

I arbeidet med framlegget har ein foreslått ei viss gruppering av desse tekstane:

- Frå treeiningstida til aposteldagen kjem tekstgrupper som set desse to dagane i samanheng.
- 7. til 11. søndag i treeiningstida har tekstgrupper som viser til Guds frelsesvilje, om det udelte hjertet, om den gamle og den nye pakt, om anger og omvending, Guds tilgjeving og vår, og Guds frelsesvilje.
- 12. til 16. søndag i treeiningstida fell ofte saman med semesterstart og startar med Vingardssøndagen, med tekstar om Guds omsorg, om kyrkjelyd, etterfølgning og teneste, om medarbeidarar og nådegaver.
- 17. til 22. søndag i treeiningstida har først tekstar om lekamens oppstode, deretter har dei fokus på Guds vilje for livet i skaparverket. Her er tema henta frå ulike delar av livet: Dei nære relasjonane i heim, familie og venskap, og deretter i arbeidsliv, samfunn og rettferdig fordeling. (Bots- og bededag er 20. søndag)
- Ordninga med ledige tekstar frå openberringstida på 23. til 27. søndag i treeiningstida knyter desse tidene saman. Sjå under ”Openberringstida.”

Innan kvar gruppe er det altså 5 - 6 søndagar med på ein eller annen måte liknande tema, kvar med tre rekker. I tillegg kan ein finna at det er ei spennvidde av tema innanfor ei og same kyrkjeårsdag. I kyrkjelydane vil denne grupperinga av tekstar/ søndagar komme til uttrykk ved at det er betre samanheng mellom søndagane, og at det er mogleg med større konsentrasjon om tekstar og tema.

### *Vingardssøndagen*

Med bortfall av Kristi forklæringsdag sto Framlegget - 2008 att med Vingardssøndag, Såmannsøndag, deretter Fastelavn. Ettersom det var sterk vilje til å behalda Kristi forklæringsdag før fastetida, såg ein det mogleg å flytta Vingardssøndagen til treeiningstida. I Framlegget vil ein derfor finna Vingardssøndagen som 12. søndag i treeiningstida. Tenesteperspektivet som er knytt til Vingardssøndagen høver godt til ein dag som kjem i august –september. Namnet på denne dagen vil verta 12. søndag i treeiningstida / Vingardssøndagen. Slik også med 6. søndag i treeiningstida / Aposteldagen.

### *Domssøndagen*

I Framlegget - 2008 var Domssøndagen namn på den siste søndagen i kyrkjeåret. Etter høyringa vel Kyrkjerådet å bruke begge namna: Domssøndag / Siste søndag i kyrkjeåret

## **Merkedagar/ temadagar**

Kyrkjeåret har vokse saman av søndagar, helgendagar og festar. Etter sist revisjon er det blitt eit tydeleg tema i gudstenesta og i kyrkjelydane, og ein ser at stadig fleire søndagar får tema, namn og opplegg som kan verka låsand i høve til at det faktisk er bibeltekstane som skal vera styrande i gudstenestefeiringa vår.

Ein har derfor gjort ei opprydding av kva dagar som bør liggja i det fast oppsette kyrkjeåret, og i tillegg laga tekstrekker til ei rekke dagar som kyrkjelyden kan feira om og når på året dei vil. Desse dagane vert kalla *temadagar*. I tillegg kjem dei dagane som er knytt til ein spesiell dato eller tid. Desse vert kalla *merkedagar*.

**Temadagar** kan kyrkjelydane leggja når dei vil i kyrkjeåret:

For Skaparverket  
For Kristen einskap  
For rettferd og fred  
For dei forfølgde

**Merkedagar** er knytt til ein spesiell dato eller tid:

Kyndelsmesse

1. mai

17. mai

Sankthansdagen

Olavsdagen

Mikkelsmesse

Haustkakfest

Allehelgensdag

Minnedag  
Samefolkets dag

Kyrkjelydar som ikkje feirar dagar som *For skaparverket* eller *For kristen einskap* får desse tekstane i dei ordinære kyrkeårsdagane. I den grad det finst dublettar i Framleggget, er det ofte her dei kjem.

## **6. Kvalitetssikring – bearbeiding etter Kirkerådets behandling februar 2010.**

Framleggget til ny tekstbok vart lagt fram til handsaming i Kyrkjerådet i juni 2008 (KR 31/08). Vedtaket vart at Framleggget skulle sendast ut på høyring. Etter høyringa vart svara samla i eit saksdokument til Høyringsutvalet for Liturgi (HU- L), som drøfta resultatet på det første møtet i november 2009. I tillegg har ein i to dagskonsultasjonar med biskopane drøfta det som vart resultatet av høyringa og av høyringsutvalet sitt arbeid.

Framleggget vart handsama i Kyrkjerådet i mars 2010, til 1. gongs handsaming. Før møtet sto det att kvalitetssikring på følgjande områder:

**- Gjennomlesing av kvar tekstrekkje for å sjå om dei sentrale tekstane er rett fordelt mellom rekkene**

Dette er gjort med utgangspunkt i evangelietekstane. Nokre få endringar er gjort.

**- Vurderingar av endringane i tekstforslaget til treeiningstida, både samansetningar av tekstar og plasseringa i Kyrkjeåret. Det gjeld særleg fordelinga mellom tema for 7. til 11. søndag og 12. – 16. søndag i treeiningstida**

Det er gjort viktige endringar her,

- 7. søndag vart til 18. søndag
- 8. søndag vart til 19. søndag
- 9. søndag vart til 21. søndag
- 10. søndag vart til 22. søndag
- 18. søndag vart til 16. søndag
- 19. søndag vart til 17. søndag
- 22. søndag vart til 7. søndag
- 16. søndag vart til 8. søndag
- 17. søndag vart til 9. søndag
- 21. søndag vart til 10. søndag

Ein har her flytta heile det tredelte oppsettet for ein kyrkjeårsdag, og gjort ei mengd andre små justeringar.

**- Vurdering av tekstsamansetninga i dei siste søndagane i openberringstida og dei siste søndagane i treeiningstida**

Det er her gjort vurderingar, men ingen endringar er gjort.

### **- Vurderingar av utvalet av forteljingar**

Det er gjort eit stort arbeid med omsyn til å vurdera utvalet av forteljingar, og endringar er gjort. Tekstar som ikkje hadde forteljingsstruktur, er tekne bort.

Ein har også gjort endringar med omsyn til at temaet i forteljingane bør stemma med kyrkleårstida / dagen.

Ut frå dette har ein i administrasjonen arbeidd vidare med Framlegget, og legg med dette fram framlegg til ny tekstbok for Den norske kyrkja. I tillegg legg ein ved register over alle tekstane, oppsett etter Bibelen og Kyrkeåret.

I dokumentet vidare brukar ein omgrepene *Framlegget* eller *Framlegg til ny tekstbok* når ein meiner utgåva som nå går til Kyrkjerådet, deretter Kyrkjemøtet, altså Framlegg til ny tekstbok 2010. Når ein omtalar det framlegget som var høyridingsdokument, heiter det *Framlegget – 2008*.

## **5. EKSKURS**

### **i. Forteljinga**

Til kvar dag er det sett opp ei forteljing. Ideen er kommen frå den svenske kyrkja, der dei ville ha med ei forteljing for kvar kyrkleårsdag og kvar rekke, altså tre forteljingar til kvar kyrkleårsdag. Dette var det krevjande å få til. I Framlegget - 2008 var det for nokre dagar sett opp to ”forteljingar”, eller ein forteljing og ein sentral tekst som bør høyra til i ein barnelærdom, til dømes Joh 3, 16.

Forteljingstekstane til kvar søndag er stort sett vald ut frå fire kjelder:

1. Ein av tekstane er sett opp som ordinær lesetekst på den aktuelle søndagen.
2. Kjernetekstar og grunnforteljingar ut frå anbefalt forslag til tekstrekkereutvalet frå Norsk Søndagsskoleforbund.
3. Den svenske tekstrekkerevisjonen 2002 leverte et sett med «Berättande texter lämpliga tillsammans med barn»
4. Kjernetekster og grunnforteljingar ut frå Læreplanverket 97 (L97), KRL - Læreplan for grunnskolen og KRL- boka 2005 frå Utdanningsdirektoratet.

#### *Føremål*

Forteljingane skal vera ei hjelp til å halda ved like kjennskapen til dei viktigaste forteljingane i Bibelen, både hjå barn og vaksne. Dei kan brukast på ulike måtar, blant anna når ein lagar gudstenester der barn skal vera med (meir om dette under).

Utvælet av forteljingar er gjort ut frå eit samsyn mellom tema for kyrkleårsdagen, utvælet av evangelietekstane / dei GT- lege tekstane og faglege omsyn, (sjå over).

Forteljinga vil vera ein rikdom når ein skal laga gudstenester for ulike aldersgrupper og personar på ulike funksjonsnivå, ettersom forteljinga har ei open form og kan brukast på svært mange måtar.

Det bør vera samsvar mellom forteljinga og kyrkjeårsdagen / tida. Det gjer at ein berre i visse høve kan nytta forteljingar som heng saman over fleire kyrkjeårsdagar, som forteljinga om Josef i fastetida og kong David i påsketida.

### *Høyringa*

Høyringa gjev brei støtte for å velje ut ein forteljing til kvar søndag. Alle høyringssinstansane meiner dette, 92 % av kyrkjelydane. Mange (64 %) meiner at dette utvalet av forteljingar er veleigna for kyrkja si trusopplæring, men berre ein tredjedel har ei oppfatning av om utvalet er dekkjande eller om det er forteljingar som er sakna. Få har prøvd ut korleis forteljinga vil eller kan fungera i gudstenesta, men den tydeleg positive haldninga til å få inn forteljinga, tyder på at kyrkjelydane vil gje dette ein sjanse og prøvd dette ut over tid. Nokre av høyringssinstansane har komme med viktige innspel som er tekne med i Framleggget. Det handlar om utval, mengd, korleis forteljingane bør avgrensast, utval av persongalleri, gudsliste m.m. Høyringa meinte at det trengs ei forteljing til kvar kyrkjeårsdag, og ein burde ta ut tekstar som ikkje har forteljingsstruktur, dei vil likevel ikkje fungera som forteljing.

### *Bruk*

Forteljingsteksten bør ein lett kunne finna fram til. Under overskrifta for kvar kyrkjeårsdag vil det stå namnet på forteljinga og kor ho finst i Bibelen. Forteljinga vil også stå i utskriven form, bak i boka, etter tekstrekkene.

Forteljingsteksten vil kunne ha eit stort bruksområde. Forteljingsteksten

- kan brukast som lesetekst som erstattar dei andre tekstane for dagen
- kan forteljast
- kan gjera det lettare å bruke ei narrativ tilnærming i preika under ordinære gudstenester
- kan fungera som eksempelforteljing, med tilhøyrande utlegging
- kan vera manuset i ei dramatisering
- kan også vera heile preika, og tema frå forteljinga kan takast opp att i bøner og salmar

Den store oppslutnaden om forteljinga i høyringa gjer at ein trur at det er mange som vil arbeida med forteljinga på ulike måtar. Det vil vera behov for å utvikla ide - og metodemateriell til bruken av forteljingstekstane, det kan gjerast på ulike måtar, både lokalt i kyrkjelydane og i meir profesjonelle miljø. Kyrkjerådet vil leggja til rette for at ein får ei utprøving der ein hentar inn røynsler som vil vera viktige når ein evaluerer Tekstboka etter 3 -6 år.

### *Forteljingstekst – preiketekst*

Preiketeksta er i dei fleste tilfelle evangeliet for dagen, bortsett frå dei dagane der ein frå sentralt hald har peika ut ”særskilte preiketekstar”. Ein kan nytta forteljinga som preiketekst.

### *Konklusjon*

- Kyrkjerådet går inn for at det vert sett opp ei forteljing til kvar søndag.

- Ein vil sjå til at utvalet av forteljingar stemmer tematisk med kyrkjeårsdagen, og at forteljinga vert oppsett som ferdig tekst i Tekstboka.
- Forteljinga skal vera ein ressurs og eit hjelpemiddel til å halda oppe bibelkunnskapen i kyrkja vår, gjera gudstenesta enklare for barn og ikkje vera eit nytt krav som kyrkjelyden må innfri.
- Ordninga med forteljingstekst bør evaluerast etter tre – seks år. I dei neste åra vil ein gjera utprøvingar i samband med trusopplæring, diakoni og organisasjoner som driv med trusopplæring for barn og vaksne, slik at ein har røynsler å byggje på, når evalueringa skal gjerast.

## ii. Poetiske tekstar

Framlegget - 2008 inneholdt tekstforslag til ein Dagens salme for kvar kyrkjeårsdag. Nokre salmar vart peika ut til bruk over ein lengre periode / kyrkjeårstid, og til saman dekkjer desse heile kyrkjeåret. Ein fant høvelege tekstar som skulle tonesetjast til bruk i gudstenesta, mellom den første og den andre lesinga.

Tekstane er henta frå Salmane og poetiske bøker utanom Salmane. Derfor nyttar ein omgrepene ”*Dagens salme*”, for å understreka at tekstane ikkje berre, men *for det meste* er henta frå Salmane. I praksis har termen likevel blitt ”*bibelsk salme*”.

Det var eit prinsipp at dei poetiske tekstane skulle syngjast og ikkje vere lesetekstar. Det gjorde at Framlegget - 2008 derfor hadde svært få poetiske tekstar som GT-lesning.

Forslaget vart i utgangspunktet vurdera som positivt, men Kyrkjerådet hadde ikkje høve til å handsama realitetane i det før Framlegget - 2008 vart send på høyring. Det låg då føre nyskriven musikk av Tore Aas og Eilert Tøsse, i tillegg til det som alt står i Norsk Salmebok og Salmar - 97. I Liturgisk musikk bind 2 finst ei detaljert oversikt over kor ein finn musikk til dei kyrkjeårstidsrelaterte salmane, til tonesetjingar i Norsk Kantoribok. Med eitt unntak finst det her musikk til alle desse salmane (unntaket er salme 89. Derfor står denne med to tekstoppsett i Liturgisk musikk bind 2).

### Høyringa

Høyringa gav stor støtte til dei poetiske tekstane / Dagens salme. Men ingen av dei hadde nytta desse tekstane i gudstenesta, og derfor seier dette høyringssvaret berre at ein ser positivt på forslaget om bruk av bibelsk salme og ikkje noko om korleis.

Høyringa sa derimot at det var for få tekstar frå Salmane som GT- tekstar, noko som vart konsekvensen av forslaget frå NFG. Sjølv heilt sentrale tekstar frå Salmane mangla.

Etter høyringa gjorde ein om på dette, slik at viktige tekstar frå Salmane nå er sett inn i Tekstboka som GT- tekst.

### Etter høyring

Etter høyringa har ein vurdert innspelet frå NFG om dei poetiske tekstane ut frå mange synsvinklar. Ein ser at det inneheld ei god vilje om å styrkja den bibelske salmen, men forslaget var uferdig: Forslaget til tekstutval og metode for tonesetting er ikkje samstemt.

Tekstutvalet har *introitus* som grunnform: Tre – fire av dei sentrale versa av salmen er tekne ut. I Framlegget - 2008 er eit av salmeversa omkved.

Tanken bak tonesetjinga er teken frå *tidebønstradisjonen*:

Ein syng salmen ut frå eit enkelt notebilete med resitasjonsformlar, med støtte i orgelet. Ein kan då bruka same formelen på mange salmar. Dette ligg til grunn når NFG meinte at heile utvalet av salmen skal syngjast av kyrkjelyden, og ikkje berre omkvedet, som ein ofte gjer med dei bibelske salmane frå NoS.

Ideen kan ikkje gjennomførast slik desse tekstane er nå. Grunnen til dette er at

- skal kyrkjelyden syngja ein bibelsk salme etter *resitasjonsformlar*, må dei syngja *heile* salmen, og ikkje berre *eit utval*, nokre får vers. Ein treng mange repetisjonar dersom ein kyrkjelyd skal læra dette på ein god måte.

Skal ein likevel følgja resitasjonsmodellen, bør ein utarbeida resitasjonsformlar og utvida tekstutvalet til heile salmar, og begge desse prosessane krev tid og fagkunnskap.

Skal ein følgja Introitus – modellen (syngja det utvalet av ein salme som høyringsdokumentet føreslo) krev det at

- ein i tillegg bør ha med *Gloria Patri* ( Ære være Faderen, Sonen og den Heilage Ande..) som siste vers, og
- *ein antifon* ( *eit omkved*) frå det nye testamentet. Antifonen har som funksjon å tolka dei gammaltestamentlege salmane i lys av evangeliet.

Framlegget til dei poetiske tekstane manglar dette. Det er ei for stor oppgåve å finna antifonar til alle tekstane innan nåverande tidsfrist.

Nemnd for Gudstenesteliv meinte i den avsluttande handsaminga at det burde lagast melodiar til tekstane i ulike sjangrar. Dette vart støtta av Høyringsutvalet for liturgi som sa at ein bør arbeida for å få fram ny musikk og ikkje berre nøya seg med dei melodiane som vi alt har. Ein burde få fram enklare melodistoff i litt ulik stilart, slik at fleire kunne ta dette til seg.

#### Kyrkjemusikalsk utval

Utvalet er Kyrkerådet sitt fagutval for kyrkjemusikk. Dei har gjeve følgjande råd til Kyrkerådet om dette emnet:

1. Det kan / bør lagast musikk til dei poetiske tekstane i ulike sjangrar. Dette krev tid og ressursar, og ein bør venta til bibelomsetjinga er ferdig. Den musikken som er laga i samband med reforma, kan ein gjera lettare tilgjengeleg. Ein bør oppmoda kyrkjelydane om å gjera utprøvingar.
2. Dei poetiske tekstane bør i første omgang sjåast i samanheng med dei bibelske salmane som ein allereie kjenner, og som finst i Norsk Salmebok, Salmar 1997, Norsk Kantoribok o.a. Dette materialet kan omarbeidast noko, og sjølv om det

ikkje omfattar alle dei poetiske tekstane, kan mykje brukast, og det kan lagast meir etter kvart. Ein ser for seg at bruken av bibelsk salme/ Dagens salme kan innarbeidast over tid.

#### **Samandrag:**

Kyrkjerådet har fått eit poetisk tekstmateriale som ikkje er gjort klart til musikalsk formgjeving. I arbeidet vidare kan ein

1. Utvida tekstutvalet og laga resitasjonsformlar
2. Bruka tekstutvalet, setja til Gloria Patri og laga antifonar
3. Bruka tekstutvalet slik det er og setja nye komponistar i gong med å laga musikk i ulike sjangrar

I alle høve bør det lagast ny musikk eller tilretteleggast ny musikk.

#### **Konklusjon:**

- Ein følgjer høyringa som ynskjer høve til å syngja ein salme mellom lesingane, ikkje berre ein bibelsk salme. Rubrikken i Ordning for hovudgudstenesta er derfor endra:  
Ein kan syngja ein bibelsk salme, ein annan salme eller det kan vera ei kort stille mellom lesingane.  
*Sjå rettleiting, s.000.*
- Kyrkjerådet vil leggja opp til ei samsvarande framdrift for dei poetiske tekstane / Dagens salme og den liturgiske musikken, det vil seia utprøving i fleire år slik at ein skaffar seg kunnskap om kva som fungerer over tid, kva kyrkjelydane treng av nytt materiale o.a. Ein vil evaluera dette ved gjennomgang av liturgien, etter 3-6 år.
- Dei poetiske tekstane / dei bibelske salmane blir ståande som Register over poetiske tekstar i Kyrkjeårsrekjkjefølgje.
- Ein vil leggja til rette for ei utprøving som gjer at kyrkjelydane lett kan få tilgang til musikk som føreligg.
- Ein vil oppfordra til nyskriving av musikk til desse tekstane, med ynskje om å få fram musikk i ulike sjangrar.
- I den lokale grunnordninga vil kyrkjelyden fastsetja i kva grad dei skal gjera bruk av den bibelske salmen.

### **iii. Bots- og bededag**

Bots - og bededag er ein av dei yngre dagane i kyrkjeåret, med plassering på ulike stader i kyrkjeåret gjennom ulike tider. Dagen har hatt det særpreget at folket *som folk* eller

*kyrkjelyd som eit kollektiv* står fram for Gud i bønn og bot. I Framlegget er bots - temaet lagt til 20. søndag etter treeining og har namnet 20.s.e.treeining / Bots - og bededag.

### *Historikk*

Ein kollektiv bots - og bededag i den kristne kyrkja høyrer vi først om i år 395, då tradisjonen seier at keisar Theodosius la fram eit påbod om ein kristen botsdag. Sidan kan ein finna spor etter pålegg om slike dagar i både 694, 1553, 1686, 1916 og 1950. I norsk samanheng er Bots - og bededag både knytt til årstalet 1686, då det av ukjende grunnar kom eit kongeleg pålegg om ein offentleg bededag, og til ein bybrann i København i 1728. Den danske kyrkja feirar framleis det som vert kalla *"Alminnelig bededag"*.

I Noreg har dagen vore plassert på ulike stader i kyrkjeåret, og vi veit ikkje når han vart fastsett til *4. fredag etter påske*. Bots- og bededag fekk etter kvart ein fast liturgi. Denne hadde rot i ei felles forståing av synd mot Gud, og det er grunn til å tru at han sjeldan var knytt til ei konkret krisehending.

I 1916 vart han flytta frå våren til hausten, til fredag før Helgemesse. I 1950 vart dagen ved eit departementalt vedtak lagt til søndag før Helgemesse. Det vert sagt at dette vart gjort utan at det vart innhenta faglege råd frå til dømes biskopane. Dette er ei særnorsk ordning.

Ved sist liturgirevisjon vart det reist forslag om ny flytting av dagen, denne gong til Askeonsdag. Argumentet var at det var uheldig med ein botsdag på ein søndag. Mot dette vart det sagt at sidan dagen alt då var svekka, ville ei flytting gjera han endå svakare, dessutan ville han få ei anna karakter, dersom han vart knytt til Askeonsdag. Derfor vart dagen verande der han nå er.

Ei avgjerd om korleis denne tradisjonen skal vidareførast, bør byggja på refleksjon om to høve: Den allmenne, felles forståinga av mennesket sin relasjon til Gud, og det som kan vera grunnen for ei botshandling, eit causa.

1. Den einskaplege forståinga av menneskets relasjon til Gud er bleikna, breidda av trusengasjement og trusoppleving er blitt mykje større. Skal ein kyrkjelyd / eit kristent fellesskap gjera bot i ei kollektiv setting som gudstenesta er, bør ein finne fram til formuleringar og uttrykk som stemmer for flest mogleg. Det nærmeste er å knyta dette til konkrete opplevingar av livet som alle kan kjenna seg igjen i, sjølv om graden av behovet for bot vil variera.

Let ein vera dette, og lagar trusuttrykk som berre stemmer med dei som aktivt vedkjenner trua på Kristus, vil dette opplevast som ein urett mot andre som er mindre sikre i si tru. Dette bør ein unngå.

2. Causa. Bybrannen i København var eit historisk causa, det utløyste behov for bønn og bot. Ein slik bybrann ville i dag utløysa gudstenester som uttrykkjer forbøn for dei som har mist hus og heim, - ei forbønn- og klagegudsteneste. Det er brei semje om at nasjonale krisesituasjonar ikkje skal knytast opp til omgrepene *bot*, då det kan underbyggja ei forståing av ein samanheng mellom den enskilde si synd og ulykker / katastrofar, jf debatten etter jordskjelvet i Haiti. Ein har rik erfaring for at ei felles forståing av ei krise utløyser behovet for gudsteneste og

bøn.

Ein grunn / eit causa som kan utløysa behov for bønn og bot i dag, kan til dømes vera knytt til forvaltning av miljø / klima / rikdom, i lokal, nasjonal eller global målestokk.

### *Høyringa*

I høyringa spurde ein kva folk meinte om det som sto i Framleggget - 2008, at bots - temaet var lagt til 20. søndag etter treeining, med namnet 20.s.i treeining / Bots - og bededag og at ordninga med siste søndagen i oktober skulle gå ut.

Det var støtte i høyringa (60 %) til å plassera Bots - og bededag på 20. s. i treeining. I tekstfeltet kom det fram ei rad ulike synspunkt:

- Nokre seier at dei ikkje finn teologiske eller kyrkjelege grunnar for at dagen skal vidareførast.
- Andre tydelege stemmer seier at den nåverande bots - og bededagsliturgien ikkje lenger kan brukast, men at bot og bønn likevel ikkje bør reduserast til eit ”tema” bland mange andre tema. Dagen bør løysast frå nåverande ordning med individuell bot, og ein bør få inn tekstar som legg opp til ei kollektiv erkjenning av ansvar og skuld, med vekt på tema som forbruk / rettferd / miljø / klima m.m. Det kan lagast ulike opplegg for slike gudstenester, dei som går for botsdag med eit slikt tema ynskjer ikkje ein heil liturgi med strenge rammer for gudstenesta, som den nåverande Bots- og bededag - liturgien er. Ei slik ordning kjennest krevjande for kyrkjelydar med få gudstenester, der ein bør ta omsyn til alle dei behova som finst i ein kyrkjelyd.
- Ei tredje, lita gruppe ynskjer ei plassering av Bots - og bededag som søndag før Helgemesse, og dei argumenterer med den saklige lina ”frå bot til håp”. Vekta ligg då i hovudsak på ein individuell botstradisjon og ikkje som ein nasjonal bønedag.

56 % av høyringa meinte at det bør utarbeidast ein eigen liturgi for bots- og bededag. Grunnen er at ein bør sjå til at dagen ikkje misser sitt sær preg som botsdag. Høyringa gjev mange ulike døme på kva som skulle vera tema i ein slik liturgi. Det er derfor uråd å komma fram til ei samla oppfatning av korleis ein slik liturgi skulle vera.

### *Konklusjon*

- Kyrkjelydane vert oppfordra til å laga forbønsgudstenester når det oppstår akutte situasjonar som krev dette, ulukker eller vonde hendingar av ymse slag. Ein kan også laga forbønsgudstenester for menneske som lid under meir permanente tilhøve, til dømes menneske som er forfølgde for si kristne tru.
- Det vert oppfordra til å laga gudstenester med botspreg ut frå eit causa som er allment forståeleg, og som kan femna vidt, til dømes ved feiring av skaparverkets dag eller andre dagar som har eit slikt tema. Ved desse gudstenestene opnar ein for ei kollektiv erkjenning av ansvar og skuld. Tekstar til slike gudstenester ligg i Framleggget under *Temadagar*. Det kan på sikt lagast bøner og anna materiale til dette bruk.

- Tekstar knytt til bot i tradisjonell meinung / Guds ord til omvending er lagt til 20. søndag i treeiningstida. Dagen skal ha tittelen ”20. søndag i treeiningstida / Bots - og bededag”. Det bør vera den lokale konteksta som avgjer i kor sterkt grad gudstenesta skal ha preg av anger og bot.
- Arbeidet med samansettjing av tekstar til denne dagen er ikkje avslutta. Det er mogleg at første rekke bør ha eit individuelt botsperspektiv, mens dei to andre utvidar biletet i retning av meir kollektiv bot. Eit ferdig oppsett kjem til Kyrkjerådet i mai 2010.
- Det vert ikkje laga ein eigen liturgi til ei slik gudsteneste til godkjenning i KM 2010 / 2011.
- Med plassering på 20. s. vert dagen flyttbar. Det gjev ein fleksibilitet som høyringa meiner er særleg viktig for dei som har gudstenester sjeldnare enn kvar søndag.

Med desse framlegga har ein teke vare på dei innspela som er komne inn.

## Økonomiske/administrative konsekvensar

### *Innkjøp av bøker*

I samsvar med Gudstenesteboka sine avgjerder, fastsett ved kongeleg resolusjonar 1977 - 1990, skal det finnast fire sett av dei liturgiske bøkene i kvar kyrkje. I eit seinare rundskriv frå Kyrkjedepartementet 7. juni 1992 ( F-57-92 og F-58-92) til presteskapet/ sokneråda og til kommunane er dette endra til *tre sett* i alle kyrkjer. Etter Kyrkjelova vart innført, vil denne kostnaden tilfalla Fellesrådet.

Tidlegare vart eitt sett av liturgibøkene send ut av departementet, og kostnaden dekkja av statsbudsjettet. I brev av 10. juli 1996 til Verbum forlag har departementet uttala at ”utgifter til tillegg til de liturgiske bøker vil for fremtiden måtte søkes dekket innenfor de budsjetttrammer som er gitt bispedømmerådene”. Inntil vidare reknar ein med at desse retningslinjene framleis gjeld.

Ved innføring av gudstenestereforma bør Fellesrådet sjå til at den nye tekstboka finst i tre sett i kvar kyrkje, i tillegg bør dei tilsette som treng det, få ei utgåve kvar. Tilsvarande vil Bispedømmerådet måtte syta for ei bok til kvar prest.

Det er førebels ikkje mogleg å seia kva tekstboka vil koste, og vi vil komma attende til dei faktiske kostnadene.

### *Kurs - informasjon*

Innføring av ei ny tekstbok inneber at Kyrkjerådet vil gjeva informasjon og rettleiing til dei tilsette i bispedømmeråda. Dette går inn i den vanlege samarbeidsprosedyren og krev ingen ekstra kostnad.

Tilsvarande bør dei tilsette i bispedømmeråda gje informasjon og rettleiing til prostar og daglege leiarar i prostedistrikta. Ein ser for seg at også dette kan vera ein del av dagleg drift.

Ei ny tekstbok vil kunne gje kyrkjelydane ny inspirasjon til å høyra Guds ord og kalla nye frivillige medarbeidarar til oppgåva som tekstlesarar. Kyrkjerådet oppfordrar kyrkjelydane til halda kurs for tekstlesarar, slik at kvaliteten på framføringa kan verta så god som mogleg.